

Søreide og Ryssdal beitelag
v/Svein Ryssdalsnes

6823 SANDANE

SAKSBEHANDLAR: ALF ERIK RØYRVIK ARKIVKODE: 2014/650 - 432.2 DATO: 07.03.2014

LØYVE TIL SKUTERTRANSPORT AV SALTSTEIN - DELEGERT VEDTAK - SØREIDE OG RYSSDAL BEITELAG

Søreide og Ryssdal beitelag får løyve til å køyre ut saltstein med snøskuter i områda Vardevatnet og Jardalen. Løyvet vert gjeve som eit delegert vedtak frå verneområdeforvaltaren på vegne av verneområdestyret. Det følgjer vilkår med løyvet.

Dokument i saka:

- Søknad om skuterløyve frå Søreide og Ryssdal beitelag
- Uttale frå Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Søknaden

Søreide og Ryssdal Beitelag søker om å få bruke snøskuter til å køyre ut saltsteinar i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde før beitesesongen 2014. Søknaden gjeld køyring til området ved Vardevatnet og til innte Jardalen i Gloppen kommune. Søkjaren opplyser at dei vil køyre på yrkedagar og at dei vil ta omsyn til turfolk og dyr i området.

Regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel for visse føremål. Transport av saltstein og anna transport knytt til beitebruk er eit av desse føremåla, jamfør verneforskrifta § 3 pkt. 5.3.

Verneforskrifta § 3:

- 5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:
- [...]
- b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

Forvaltningsstyresmakta har altso heimel til å gje løyve til motorferdsla som beitelaget søker om i verneforskrifta.

Jamfør styrevedtak i sak 23/13 har styret delegert mynde til verneområdeforvaltar i saker som omhandlar ferdsel. Det løyvet som det her er søkt om, har verneområdeforvaltaren mynde til å gje på vegne av styret.

Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å ha naudsynte løyver frå kommunen (etter motorferdsellova) og løyve frå grunneigar(ar).

Vurdering

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og områda rundt har lenge vore og vert framleis nytta til beiting med husdyr. Beitebruken har vore viktig for å skape det kulturlandskapet og stølsmiljøa som er ein viktig del av verneverdiane i området. Beiting er med andre ord viktig for å oppretthalde verneverdiane, men dette må skje innanfor rammene til verneforskrifta og utan at det fører til negative verknader på verneverdiar eller naturmiljø.

Saltsteinar er veldig vanleg å bruke i samband med hald av dyr på beite, både for å tilføre næringsstoff og for å halde dyra i området. Det er heilt vanleg både i Naustdal-Gjengedal og andre fjellområde å bruke saltsteinar i fjellet og å transportere desse ut med snøskuter og slede på seinvinter/ vår. Det er då føret er best for slike skutertransportar. Fitje og Mardal beitelag har eit tilsvarande løyve i omtrent same området (Jardalen – Svartekari – Tverrfjellet).

Ei utfordring i dette området er at villreinen har brukt Jardalen og området rundt Vardevatnet som vinterbeiteområde siste åra. Motorferdsel kan vere veldig forstyrrende for villrein, og særleg i kalvingstida, men og i tida fram mot kalving er reinen veldig sårbar for uro. Ein bør derfor unngå køyring i eit område når villrein oppheld seg der.

Villreinemda i Sogn og Fjordane har fått søknaden tilsendt. Dei har spelt inn at det er viktig å ta omsyn til villreinen og særleg fostringsflokket i tida fram mot kalving. Villreinemda ber om at køyringa vert gjennomført so seint som muleg på vinteren, etter at dyra har trekt ut av vinterbeiteområdet i Jardalen.

Etter verneområdeforvaltaren sitt syn er dette eit føremål som ein bør gje løyve til. Det er viktig å legge til rette for at beitebruken i området held fram og det på eit ønska nivå. Men det er og viktig at aktivitet som motorferdsel skjer innanfor kontrollerte rammer og at det ikkje uroar villreinen unødige.

Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal all bruk av offentleg mynde som kan påverke natur og miljø, vurderast opp mot prinsippa i §§ 8-12 i nml.

I § 8 vert det satt krav til eit godt kunnskapsgrunnlag. Her støttar ein seg til dei erfaringar ein har med motorferdsel i dette området, ein har sjekka databasar som Naturbase og villreinemda sine kart over villreinen sin områdebruk. Kunnskapsgrunnlaget er godt. Den samla belastninga (jf. § 10) er ikkje stor i dette området. Her er eit gyldig løyve til transport av saltstein med snøskuter i tilstøytande område, og so er Jardalen aktuell for nokre få turar med kjentmannskøyning for Røde Kors Hjelpekorps.

Med heimel i § 12 kan ein sette krav om at mest skånsame metode og lokalitet skal nyttast. Til transport av saltstein so er strengt tatt bruk av helikopter meir skånsamt enn bruk av snøskuter. Helikopter set ikkje spor, og kan nyttast seinare på året når ferdsel er mindre sårbart for villrein. Men bruk av helikopter er vesentleg meir kostbart enn å bruke snøskuter, og etter verneforvaltaren sitt syn, er det urimeleg å krevje at helikopter skal nyttast. Verneområdeforvaltninga vil likevel oppmode til at søkjaren vurderer samarbeid med andre beite- og sankelag, der fleire kan dele på kostanden ved bruk av helikopter, og dermed få enklare, meir effektiv og meir skånsam uttransport av saltstein.

Delegert vedtak frå verneområdeforvaltar:

Søreide og Ryssdal Beitelag får løyve til å nytte snøskuter til utkøyring av saltstein i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Løyvet gjeld ein tur inn til inste Jardalen og ein tur til Vardevatnet-området.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjelder fram til 1.mai 2014
- Løyvet skal vere med under køyring
- Det skal ikkje køyrast på søndagar eller heilagdaggar
- Det er ikkje lov å køyre når villreinen oppheld seg i området. Beitelaget må følge med på kortid reinsflokken trekkjer ut av Jardalen mot kalvingsområda og køyre etter det.
- Statens naturoppsyn ved Rune Holen (tlf 975 95 102) skal varslast seinast dagen før køyring finn stad
- Etter køyring skal det sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltaren
- Det skal ikkje køyrast meir enn det som er naudsynt, og det skal takast omsyn til dyreliv, naturmiljø og turfolk.

Klage

Vedtaket kan klagast på av alle partar og andre med rettsleg klageadgang, jamfør forvaltningslova kap VI. Klagefristen er tre veker og ei eventuell klage skal stilast til styret. Det er Klima- og miljødepartementet som er klageinstans.

Beste helsing

Alf Erik Røyrvik (sign.)
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Gloppen kommune

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane v/Siri Bøthun

Miljødirektoratet

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune